



# Årsmelding 2011

Medlem av:

Sogn og Fjordane Fotballkrins, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Handballkrins og Norges Vektløftarforbund.

## **TILLITSVALDE I BRODD 2011:**

### **Hovudstyre:**

Leiar: Beate Kornberg

Nestleiar: Inger Gimmestad

Kasserar: Lars Ulvestad

Sekretær: Merete Sælen

Styremedlem: Janne Osnes (Ny 2011)

Vara1: Rune Gimmestad, Vara2: Jon Pedersen

### **Friidrettsgruppa:**

Sølvi Sælen- leiar

Torbjørn Sælen

Jørund Årdal

Randi Arnestad

Nina Engelbrektsen (Ny 2011)

### **SFT-gruppa:**

Pieter Koopmans – leiar

Kurt Gimmestad (Ny 2011)

Terje Arnestad

Liv Henny Frøyen

Siv Karin Eikenes

Hilde Mellingen (Ny 2011)

**Revisorar:** Svein Ravnestad, Magne Devik.

### **Trimgruppa:**

Arvid Lothe – leiar

Eva Holme

Magnar Rauset

Grethe Jakobsen

Mariann Rauset (Ny 2011)

### **Kontaktperson vektløfting:**

Jørund Årdal (Ny 2011)

### **Plassnemnda:**

Christen Henning Arnestad – leiar

Bjarte Rygg

Petter Olav Rygg

Tore Gimmestad

Ole Kristen Gimmestad

### **Valnemnd:**

Jeffery Thomas – leiar

Ronny Husevåg

Solveig Moritsgård

**Vara:** Jan Wiggo Rygg

# Årsmøte i IL Brodd

vert halde i

Småsalen i Runnevang

**Søndag 26.febr 2012**

**Kl.19.00**

(Kunngjort i Firda Tidend 13.01.2012)

## **Saksliste:**

1. Godkjenning av saksliste og innkalling.
2. Val av ordstyrar, sekretær og to til å skrive under møteboka.
3. Årsmelding for 2011
4. Rekneskap for 2011
5. Budsjett for 2011
6. Val

(Årsmeldinga er lagt ut på Sjedu.no og vert utlagt i noen eksemplar i inngangen i Runnevang)

Midtvegs i årsmøte vert det kaffe med noe attåt, med høve til meiningsutveksling kring bordet om idrettslaget sine aktivitetar.

Kva er bra? Kva ynskjer du annleis? Har du ein god idè?

Vel møtt!!

Styret i IL Brodd

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2011

## Hovudstyret:

Beate Kornberg	Leiar	(Valgt 2010)
Inger Gimmestad Gule	Nestleiar	(Valgt 2010)
Lars Ulvestad	Kasserar	(Valgt 2005)
Merete Sælen	Sekretær	(valgt 2007)
Janne Osnes	Styremedlem	(Valgt 2011)

1 vara:	Rune Gimmestad
2.vara:	Jon Arne Pedersen

## Aktivitet i styret:

Hovudstyret i Brodd har hatt 8 møte i løpet av året, derav 3 utvida der fleire har delteke:

1. Eit med gruppeleiarane i april, der vi planla komande sesong og drøfte korleis følgje opp idemyldringa og endringsvedtaka på årsmøtet.
2. To frå styret hadde møte med heile SFT-gruppa i starten av september, der Barneidretten vår var tema.
3. I november hadde vi eit utvida møte med aktuelle gruppeleiarar i etterkant av Idrettsrådet sitt brukarmøte om byggetrinn 3 i Trivselshagen.

I tillegg har styremedlemene og leiarane i dei ulike gruppene, hatt jamnleg kontakt gjennom bruk av E-post og SMS. Desse hjelpemidla har vore nytta til å utfordre og fordele arbeidsoppgåver, utveksle og vidaresende informasjon og brev frå idrettskrinsen og til å halde kvarandre oppdatert på status i saker.

## Fordeling av viktige verv og oppgåver i styret:

Inger Gimmestad Gule har vore Brodd sin representant i styret for A/L Runnevang. Ho står og som Brodd sin ansvarlege for politiattest.

Sølvi, Lars og Beate deltok på årsmøtet i Gloppen Idrettsråd, der Sølvi er vararepresentant i idrettsrådet.

## **Hovudfokus i 2011:**

Styret har også i 2011 hatt fokus på å ta vare på gode trimtilbod lokalt, prøve ut nye tilbod og utvikle laget i ei retning som medlemmane ynskjer. Dette har vore tema både på styremøte og møte med gruppene. I samband med årsmøte i mars vart det lagt opp til ei idemyldring som ga oss viktig tilbakemeldinger og nye idear.

Her fekk dei frammøtte høve til å skrive kva dei meinte om følgjande tema:

*I Brodd er eg stolt av.../ likar eg... ! I Brodd saknar eg.....! Når eg skal velje idrettslag/ aktivitet er følgjande viktig for meg / barnet vårt.....!*

Oppsummering av idemyldringa vart gjort kjent i vårnummeret av Brodd-nytt, og har vore eit viktig grunnlag for arbeidet i styret og gruppene resten av året. I møte med SFT-gruppa kom det fram at ein ikkje ynskjer store organisatoriske endringar av barneidretten. Dette vert difor ikkje lagt fram som sak på årsmøte.

## **Økonomi:**

Vi har hatt eit godt driftsår, og økonomien i laget er sunn og god. Hovudinntektene våre har vi framleis gjennom basarane våre, medlemspengar, treningsavgift og tilskot frå NIF og kommunen. I tillegg har vi skaffa oss viktige sponsorinntekter gjennom konkrete og avgrensa dugnadsoppgåver for næringslivet i Gloppen. Også i 2011 har Brodd delteke med ein stor tropp på dugnad i samband med Sandanedagane i august, og i november stilte vi opp en bra gjeng på varetelling på Rimi. Brodd får gode tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer, og det er kjekt! Styret vil takke alle, som på ulike måtar har delteke i dugnadsoppgåvene, for innsatsen!

## Gjennom året har styre arbeidd med følgjande oppgåver / saker:

- Førebudd og gjennomført årsmøte. I samband med årsmøte la vi i år opp til idemyldring med utvikling av laget som tema.
- Organisert dugnad i samband med Sandane dagane og varetelling på RIMI.
- Organisert og koordinert treningane i Runnevang for inne-sesongen 2011/2012.
- Satt igang og prøvd ut to nye trimtilbod (all-idrett i regi av to Idrettsline-elevar og turgruppe onsdagskveldane m/hodelykt i regi av damene i styret). Sistnemde trimtilbod vart godt motteke og i gjennomsnitt har 8 damer delteke.
- Innkrevjing av medlemspengar og treningsavgift.

- Nytt Sjedu.no og facebook-sida til Sjedu til å få ut informasjon, bilder og nyheitsstoff. Bruk av desse mediene vil vi framleis ha fokus på å utvikle, i samarbeid med øvrige lag og organisasjonar på Sørstranda.
- Styre har i samarbeid med gruppeleiarane gitt ut eit vår - og haustnummer av Broddnytt, både som papirutgåve og på Sjedu.no.
- Drøfta og utreda alternativ til tradisjonell flaskeinnsamling.
- Arrangert Broddmarknad der vi fekk inn **42 000,-kr.netto**.
- Var representert v/ Jørund Årdal på 100-årsjubileet til BBIL, der gåva var ein "Stimulanspris" – til ein verdi av 1000,- kr. til ein ung friidrettsjente (10-14 år).
- Uttale og drøftingar av Brodd sine behov knytt til fleirbrukshall i Trivselshagen .

### **Medlemstal 2011:**

Jenter (0-19)	Kvinner	Sum
41	61	102
Gutar (0-19)	Menn	Sum
48	54	102
Totalt:		204

Dette er ein nedgang på 60 frå ifjor, som krev ei aktiv oppsøkande medlemsverving i 2012. Leiar trur dette skriv seg frå manglande medlemsbetaling for mange av deltakarane på fjelltrimmen (som vi no kan telle med som aktive), og tap av medlemmar som fell ut av familiemedlemskap ved fylte 17 år.

### **Medlemspengar/Treningsavgift :**

Satsane for medlemspengar og treningsavgift har ikkje vore endra sidan årsmøte for 2007. Gjeldande satsar er:

	<b>Medlemspengar</b>	<b>Treningsavgift</b>
Familie	500.-	600.-
Vaksne	250.-	400.-
Barn	100.-	200.-

# ÅRSMELDING FRÅ TRIM/IDRETTSMERKE GRUPPA 2011.

Trim- og idrettsmerke gruppa har hatt følgjande samansetning i 2011:

Arvid Johan Lothe - leiar

Grete Risholm Jakobsen

Magnar Rauset

Mariann Rauset

Eva Fitje Holme

Gruppa har hatt fleire møter, telefonar og samtaler gjennom året.

## Økonomi

Til fjelltrimmen/hardhausen fekk vi 4 sponsorar, Trebo-Hus AS, Nordfjord Laks AS, Frydenbø Bilsenter AS og Best. Vi takkar for støtta.

I tillegg deltok gruppa på fleire dugnadar i regi av Brodd.

## Idrettsmerke

Det var 6 personar som tok merke i år. Magnhild Ravnestad tok merket for 30. gang - det kvalifiserer til Hederspris. Vi gratulerer so mykje.

## Fjelltrimmen

Fjelltrimmen hadde 8124 besøkande, fordelt på Rausetstøylen (1681), Ravnestadstøylen (1246), Traudalsråsa (1239), Eikenesstøylen (787), Traudalsnibba(596), Arnestadnakken (453), Berdalsegga (416), Nautefjellet (405, Breidalen (320), Svarthammaret (122)og Eikeneshesten (100).

Totalt er det ein auke på 759 besøkande frå 2010.

Gruppevinnarane var:

0-15 år :	Bjørnar Eikenes	349 poeng
16-59 år:	Eva Fitje Holme	1631 poeng
60 + år :	Annlaug Rygg	1604 poeng

Hardhausen: 34 personar greidde det.

Minihardhausen: Nytt av året for dei t.o.m. 10 år. 18 personar fullførte dette.

## **Arrangerte turar**

Trimgruppa la opp til ein litt krevjande fjelltur og ein barnevennleg tur med orientering og div. aktivitetar. På grunn av stor aktivitet frå andre arrangørar valde vi å avlyse barnearrangementet.

Søndag 21 august annonserte vi fjelltur frå Jardalen til Veslevatnet via Svartekari og Granekupa. 11 turdeltakarar møtte opp og vart guida av Kristian Mardal . Veret var bra om morgonen, men det vart fuktig ut over dagen. Med gode kle og litt forfriskningar på Fitjestøylen, gode sveler og kaffi, vart det likevel ein fin tur.

So vil eg til slutt takke medlemmane i gruppa for godt utført arbeid i 2011.

Helsing Trim/Idrettsmerke gruppa.  
V/ Arvid Lothe.

## **Årsmelding frå friidrettsgruppa for 2011**

Friidrettsgruppa har i 2011 hatt denne samansetninga:

Sølvi Holme Sælen - leiar

Randi Arnestad

Jørund Årdal

Nina Sandal Engelbrektson

Torbjørn Sælen

Vi har hatt 1 styremøte dette året, og har elles hatt kontakt pr.telefon og e-post.

### **Økonomi**

Friidrettsgruppa har dette året delteke på dugnad i samband med Sandanedagane og på varetelling på Rimi. Vi har også stilt med mannskap under NM i kappgang, NM i friidrett og sparebankleikane, som også har gjeve gruppa inntekter.

## **Eigne arrangement**

**Sørstranda Rundt** vart arrangert 26.april med noko dårlegare deltaking enn i fjor. Berre 4 mosjonistar tok turen stranda rundt, medan 28 stilte i konkurranseklassen. Det vart sett ny løyperekord i klassen kvinner 40-44 år, og menn 19-20 år.

**Loggane Open** er ein serie treningsstemner i kast som vi arrangerte gjennom heile sommaren, ca kvar 14.dag, frå april og ut september. I slutten av juli gjekk 3. runde i kastkarusellen av stabelen på Loggane.

**Lagsmeisterskap** i Runnevang og på Loggane. Tilsaman 40 unge var med på desse arrangementa. Dei fekk utdelt premie og diplom på Broddmarknaden i november.

**I samarbeid med dei andre moderlaga** var vi med og arrangerte NM karusell for 10-14 åringar. Dei som deltok på 4 av desse stemna fekk vere med på innmarsjen under NM i friidrett på Byrkjelo. Sparebankleikane på Byrkjelo er etterkvart eit godt innarbeidd arrangement mellom moderlaga. Brodd var også medarrangør av NM i kappgang på Sandane.

## **Deltaking på stemner**

Sesongen starta med deltaking på Oldenstafetten 25.april, her stilte vi med eit jentelag og eit gutelag. Begge laga vart nr.3, den beste plasseringa Brodd har hatt på veldig mange år!

Kastarane våre har også dette året vore dei mest aktive utøvarane våre. Dei har delteke på store stemner som Framoleikane i Bergen og Tyrvingleikane i Oslo. Sparebankleikane var også i år det stemnet der Brodd hadde flest utøvarar med. Broddarane har også dette året markert seg med mange gode resultat. Her vil vi spesielt nemne Erlend Ulvestad som under Framoleikane sette ny krinsrekord i diskos for 15 åringar. Vi gratulerer!

**UM** (ungdomsmeisterskapen i friidrett for ungdom 15-19 år) gjekk i år i Fredrikstad. Med Marte Rygg Årdal i spissen henta Brodd heim 6 medaljar! At eit så lite lag som Brodd stiller med 5 utøvarar, og tek så mange medaljar, er imponerande. Marte tok gull i slegge og kule, og sølv i diskos. Ho fekk også bestemannspremie for jenter i aldersgruppa 18/19 år! Erlend Ulvestad tok gull

i diskos og sølv i kule. Vegard Sælen tok bronse i diskos og vart nr.6 i kule. Evald Osnes Devik og Hans Sande vart nr.4 i slegge. Vi gratulerer med flott innsats!

Marte representerte Noreg på nordisk juniorlandskamp i København, og vann slegga. Vi gratulerer som nordisk juniormeister!

### **Nye Lagsrekordar**

Marte Rygg Årdal har sett 3 nye lagsrekordar denne sesongen: Kule 11,69 m, diskos 42,25 m og slegge 62,73 m. Vi gratulerer!

### **Treningar**

I sommarhalvåret har dei yngste, 6-12 år, hatt trening på Loggane torsdag. I år fordelte vi trenaransvaret på foreldra slik at alle hadde ei trening kvar. Dei eldste har trena måndag, onsdag og fredag under kyndig rettleing av Jørund Årdal.

Frå og med haustferien har basistreningane fredag i Runnevang gått sin gang. Det vert meldt om godt frammøte, 15-20 personar i alderen 13-50 år møter jamt og trutt.

### **Utfordringar**

Brodd har i fleire år hatt eit godt kastmiljø, og fått fram utøvarar som vert lagt merke til nasjonalt. Utfordringa vidare vert å få desse utøvarane til å halde fram med idretten sin også etter at dei når vaksen alder. Idrettsnorge slit med å halde på utøvarane etter fylte 16 år då det store fråfallet startar.

Brodd har også utfordringar med å rekruttere nye utøvarar, og få dei yngste i laget til å drive friidrett. Konkurransen om ungane er stor, og lagidrettane er ofte dei som dreg det lengste strået. Men legg vi forholda godt til rette og motiverer dei til å trene, veit vi at friidretten i Gloppen kan tilby svært gode trenarar, og elles gode tilhøve som gjer det mogeleg å utvikle seg også for den som vil bli god!

# BRODDTOPPEN 2011

## ***Gutar 15-18 år***

### **Nr.1: Erlend Ulvestad**

Diskos 1,0 kg	54,34 m	1043 p
100 m	12,95 s	830 p
Lengde u/fart	2,38 m	750 p
		<hr/>
		2623 p
		<hr/>

### **Nr.3: Hans Sande**

Slegge 4kg	52,38 m	1023 p
Lengde u/fart	2,47 m	795 p
100 m	13,79 s	687 p
		<hr/>
		2505 p
		<hr/>

### **Nr.2: Vegard Sælen**

Høgde u/fart	1,35 m	872 p
Diskos 1,5 kg	39,84 m	871 p
100 m	12,65 s	838 p
		<hr/>
		2581 p
		<hr/>

### **Nr.4: Evald Osnes Devik**

Slegge 5 kg	51,34 m	986 p
Lengde u/fart	2,48 m	750 p
100 m	13,75 s	651 p
		<hr/>
		2387 p
		<hr/>

## ***Gutar 11-14 år***

### **Nr.1: Johan Lothe**

Lengde	4,10 m	830 p
60 m	9,17 s	792 p
Kule	8,15 m	757 p
		<hr/>
		2379 p
		<hr/>

## Årsmelding frå vektløftargruppa 2011

Vektløfting er ny idrett i Brodd, vi melde laget inn i Noregs Vektløfterforbund i januar i 2011. Etter at Firdahallen vart utilgjengeleg for trening var det vanskelege treningsilhøve mesteparten av 2011, mellom anna måtte treninga i ein lengre periode føregå i skuret på Loggane med lånt utstyr.

Vi har no fått høve til å nytte eit rom på Rygg Skule, der vi har fine treningstilhøve. Vi har også kjøpt inn to vektstenger og ca. 200 kg med vektskiver i ulike vekter i tillegg til ein løfteplating på 7,5 m<sup>2</sup>. Vi har sjølv fått laga knebøystativ i tillegg til at vi har på lån ein gammal benkpressbenk frå Firdahallen.

Hausten 2011 har vi hatt tre faste treningskveldar for veka, vi er no oppe i 6-7 aktive løftarar. Tre av desse deltok på fleire stemne i 2011. Brodd også deltok i lagserien for ungdom med ein 8. plass av dei 13 laga som var med.

På NM 5-kamp fekk vi flg plasseringar i kl. 15.16 år:

4. Vegard Sælen, 698p

5. Hans Sande, 689p

6. Evald Devik, 647 p

Ved utgangen av 2011 er dei personlege rekordane:

Vegard Sælen, 58 kg i rykk, 70 kg i støt

Hans Sande, 57 kg i rykk, 80 kg i støt

Evald Devik 60 kg i rykk, 80 kg i støt.

Vektløftargruppa v/ Jørund Årdal

## Årsmelding frå Handballgruppa 2011.

På årsmøte i 2010 vart Handballgruppa i Brodd lagt ned med verknad frå endt termin 2010/2011, men er framleis medlem av Norges Handballforbund.

Einaste aktivitet denne sesongen (våren 2011) har vore minihandball, der kring 8 spelarar har delteke. Dei har vore med i fleire minihandballturneringar, med gode resultat, m/ Odd Lothe som trenar. I haustsesongen har Broddarane spelt for STIL, der to av laga har hatt treningane sine i Runnevang.

# Årsmelding frå SFT Gruppe 2011 (Ski / Fotball / Turn)

Styret har vore samansett av:

Pieter Koopmans (Leiar), Terje Arnestad, Liv Henny Frøyen, Siv Karin Eikenes, Kurt Gimmostad (ny 2011) og Hilde Mellingen (ny 2011).

## MØTER:

Eit møte i forkant av SFT-basar i april. Ellers direkte kontakt, per telefon/e-post.

## SKI:

### *Barn i Løypa*

Sted: Loggane - lysløpa  
Deltakerer: ca. 45 barn i alder 2-13 år, 4 kvelder med 'tidtaking'

## FOTBALL:

Sted: Loggane - grusbana  
Trener: Terje Arnestad, Bjarne Rygg, Pieter Koopmans + enkelte foreldra  
Lag: G2001, G2003 og J2003/2004

G2001:	G2003:	J2003/2004:
Erik Koopmans	Jonas Arnestad	Emma Lothe
Arne Devik	Torgier Grøneng	Andrea Lothe
Kornelius Eikenes	Mathias Lothe	Maren Rygg
Håvard Lothe	Elias Osland	Thea Rygg
Mathias Varpe	Sander Skogli	Julie Skjerdal
Sigurd Gimmostad	Even Olai Arnestad	Emily Wilke
	Magnus Fagerås	Ida Moen
	Jelle Koopmans	Susanne Skjerdal

08.05.11	Fotballturnering Innvik (miniputt): G2001, G2003, J2003/2004
22.05.11	Fotballturnering Stryn (G-Sport/Umbro-Cup): G2001-lag
05.06.11	Fotballturnering Breim (miniputt): G2001, G2003, J2003/2004
28.08.11	Fotballturnering Skei (miniputt): G2001, G2003, J2003/2004
18.09.11	Fotballturnering Sandane (miniputt): G2001, G2003, J2003/2004

Slutten av sesongen blei feira i bedehuset med pizza og fotball, 23. september.

## TURN

Sted: Runnevang  
Trener: Odd Lothe, Eirik Alf Rygg, Arnt Gunnar xxx  
Deltakerer: 2 grupper på ca. 15-20 barn kvar, fordelt: 1.-3. klasse / 4.-7. klasse.

## **ALL-IDRETT:**

”Frå hausten 2011 har Brodd hatt tilbod om All-idrett for barn i aldersgruppa 6-12 år, i samarbeid med to elevar ved idrettslina. Dette har vore eit prøveprosjekt, samtidig som trenarane har fått praktisert treningsleiing. Dei borna som har delteke har hatt stor glede av tilbodet.” ( Tilleggskommentar frå leiar i Brodd).

Sted: Runnevang  
Trenar: Knut Olav Arnestad, Niklas Alander Austrheim  
Deltakerer: 1 gruppe på ca. 10-15 barn i alder 6-12 år.

”Vi har her lagt vekt på å ha eit variert opplegg, og tanken er at dei skal ha det kjekt og vere i aktivitet. Det har vore vanskeleg å finne enkle aktivitetar til å ei så variert aldersgruppe. ”

Mvh Knut Olav

## **Årsmelding frå plassnemda 2011.**

Plassnemda har gjort følgjande oppgåver dette året:

- Ordna varmekabel i kastringen
- Feilretta flomlyset
- Forsøk på slodding av bana utan vidare hell.
- Har hatt kontakt med Hyen idrettslag for overtaking evt.lån av deira slodd, når dei får kunstgrasbane.
- Har vurdert og sjekka ut alternativ plassering av container for flaskeinnsamling, ved klubbhuset på Loggane og ved Runnevang.
- Delteke i dugnad på Sandanedagane og i varetellinga på Rimi.

Plassnemda v/ Petter Olav Rygg